



Uskedal Idrettslag toppar lista for Grasrotandel frå Norsk Tipping. (Arkivfoto)

Ni lag og organisasjonar i Uskedalen er ein del av Grasrotandelen frå Norsk Tipping. Bakgrunnen er at deler av tippemidlane går til frivillig arbeid. Kravet er at den som tippar, har registrert kva lag ein ynskjer løyvinga skal gå til. Organiasjonen må vera registret i Frivilligregiseret. Heile 145 lag i Kvinnherad får utbetalt midlar frå Grasrotandelen. Av desse er 9 lag frå Uskedalen.

Totalt vert det utbetalt over kr. 60.000,- frå Grasrotandelen til uskedalslaga. Det er om lag på same nivået som året før. Uskedal Idrettslag toppar med ei løyving på kr. 35.395 frå 136 tipparar. Lengst nede på lista finn vi Uskedal Musikklag med kr. 181,- frå to tipparar.



Uskedal Helselag er tildelt kr. 3.578,- frå Grasrotandelen. (Arkivfoto)

Desse laga i Uskedalen er registrert og godkjend for tildeling frå Grasrotandelen:

- Uskedal Idrettslag
- Uskedal Skulemusikk
- Røysterett for Alle
- Festidalen
- Uskedal Ungdomslag
- Uskedal Helselag
- Uskedal Utvikling
- Uskedal Frilufslag
- Uskedal Musikklag

Kjelde: Grenda

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal